



Landbruk

KOPI

Alver kommune
v/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6578 - 20/25710

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
15.05.2020

Godkjenning av to jordtippar på Nordanger GBNR 415/2,3,5,7,8,9,10 og 47 etter nydyrkingsforskrifta og bakkeplaneringsforskrifta

Administrativt vedtak: Saknr: 512/20

VEDTAK:

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på gbnr 415/10, 415/9, 415/8, 415/7, 415/5, 415/3, 415/2 og 415/47 på Nordanger. Løyvet gjeld godkjenning til å nytta overskotsmassar frå veganlegg Sletta – Soltveit til opparbeiding av to jordtippar på 35 daa og 48 daa i tråd med søknad og plan datert 21.01.2020

Tiltaket skal gjennomførast innan 5. år frå anleggstart.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Vestland fylkeskommune står ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar frå veganlegget Sletta- Soltveit, og det skal etablerast system for kontroll av mottatte masser, i tråd med anbefalingar i handboka Jordmasser fra problem til ressurs' fra NLR/NIBIO.

Areala skal ferdigstillast til fulldyrka eller overflatedyrka jord i samsvar med krav i arealressurssystemet AR 5.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.

- Tiltaket skal sikrast mot avrenning
- I nedbørrike periodar bør det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg, og haldast grønt undervegs i arbeidet så sant det let seg gjera.

Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.

Alver kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning til vassdrag.

Alver kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfel §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8 , og forskrift om nydyrking §§ 4 og 9.

Saka gjeld

Det er søkt om godkjenning av to jordtippar på Nordanger på Radøy som skal ta imot overskotsmassar frå fylkesvegprosjektet Soltveit – Sletta.

Vestland fylkeskommune er søkjar, og prosjektet er ein del av Nordhordlands pakken. Formålet med tiltaket er å bruka overskotsmassane til å nydyrka og /eller oppgradere jordbruksareal. Dyrkingen skal skje gjennom planering og terrengheving med bruk av tilkjørte jordmasser fra byggingen av ny fylkesvei over Radøy. Det er berekna å vera overskot av jord- og steinmassar på totalt 225 000 m³. Trygve Torsteinsen frå Norsk landbruksrådgiving Vest har laga plan for arbeidet med jordtippene.


Nabovarsel: Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje kjend at det ligg føre merknadar, og dei aktive bøndene som driv i området er har ynskje om å få meir og betre jordbruksareal.

Planstatus: Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Radøy sin arealdel er definert som LNF-føremål. Søknaden har vore på høyring hjå fylkesmannen, fylkeskommunen og lokalt kulturkontor. Det er ikkje komen svar innan 4 vekers fristen.

Det er laga ein ytre miljøplan (YM) for heile veganlegget. Den omfattar registrering, vurdering og mål for ulike miljøpåverknad som støy, vibrasjon, luftforureining, forureining av jord og vann inkludert beskyttelse av vassførekomst (grunnvatn, innsjø, bekk, elv, våtmark, myr, etc.) og grunn (lausmassar/jord, berggrunn, deponi) mot utslepp, utvasking eller flytting av forureinande stoff som kan påverke vasslevande og jordlevande organismar (flora, fauna, etc.) kjemisk tilstand, og eigenskapar som reduserer moglegheiter for framtidig bruk, landskapsbilete, nærmiljø, friluftsliv, kulturmiljø, kulturminne og energibruk . Denne gjeldt og for arealet som er avsett til jordtipp. Arbeidet vert lyst ut som ei totalentreprise. Ved gjennomføring av prosjektet skal entreprenøren følge dei miljøfaglege kvalitetskrava, og for arbeidet med jordtippene.

Det er søkt etter plan- og bygningslova, bakkeplaneringsforskrifta og nydyrkingsforskrifta. Plan- og byggesak har ansvar for samordning og handsaming etter pbl, og har sendt saka på høyring til landbruksavdelinga. Landbruksavdelinga har ansvar for den delen som skal handsamast etter nydyrkingsforskrifta og bakkeplaneringsforskrifta. Landbruksveg vert handsama i eiga sak.

Situasjonskart



Bilete syner dei to tippane. Tipp 1 ligg til høgre i bilde og tipp 2 ligg til venstre i bilde. Raud strek syner trase for planlagt anleggsveg/landbruksveg og ein ser traseen til ny fylkesveg med svart/blå farge. Grøn strek er eksisterande landbruksveg.

Tekst frå planen står med kursiv: *Det aller meste av massene som skal kjøres inn forventes å være myrjord. Myrjord er ikke ideell med tanke på seinere jordbruksdrift. Det blir derfor uhyre viktig at absolutt alt av mineraljord som finnes inne på feltet fra før, blir skavet av og tatt vare på med tanke på gjenbruk som toppdekke. Det samme gjelder absolutt alt av mineraljord som måtte bli overskuddsmasse i veganlegget. Matjord på innmarksbeiter skal også tas vare på, med unntak av det som er rein organisk jord med torvkarakter (myrjord). Organisk jord som er godt formolda (mold) skal tas vare på og gjenbrukes*

Etterarbeid


Arbeidet med ferdigstilling kan ikke starte før jordmassene har tørket opp og jordtippen har satt seg. Blaut myrjord vil trenge lang tid på å tørke ut før en kan starte med terrengforming og ferdigstilling til jordbruksformål - kanskje opptil 2-3 år. Det kan være hensiktsmessig å etablere et nett av midlertidige åpne grøfter for å skynde på denne prosessen.

Jordtippene vert overlevert grovplanert og arealet skal få tid å setja seg skikkeleg. Deretter vil fylkeskommunen lysa ut ny konkurranse om ferdigstilling til jordbruksareal. Fylkeskommunen vil setja av pengar til å dekkja denne jobben, kr. 30 000 pr. daa.

Planeringsfeltene vil anlegges og drives etter 'Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt' fra 1989, samt i tråd med faglige tilrådingar fra håndboka 'Jordmasser — fra problem til ressurs' fra 2018. Driften av tippene og inntransport av masser skal skje i regi av godkjent entreprenør med ansvarsretter.

FELT 1.

Felt 1 er på ca. 35 dekar og omfattar eigedomane gbnr 415/10, 415/9, 415/8, 415/7, 415/5, 415/3, 415/2 og 415/47. Det skal fyllast på om lag 225 000 m³ totalt på begge tippene. Tipp 1 vert fyllt opp først, og her er det tale omlag 130 000 som skal fyllast på. Dersom det er trong for det vil resten av massane verta fyllt på tipp 2. Planlagt påfyllingshøgde er mellom 2 og 4 meter. Anleggsperioden er 2-3 år, og påfylling vil starta i sørenden av teigen. Arealet skal formast som dalføre, og etter att massane har sett seg, vil ein drenera, kalka, gjødsla og så grasfrø. I anleggsperioden vil voll i sørenden tvinga vatnet til å renna nordover, og det vert etablert sedimenteringsbasseng i nordenden. Gamal kistegrøft skal erstattast med ny grøft med større kapasitet frå nordenden og gjennom jordbruksarealet ned til dal mot Storrindevatnet. Det skal byggast anleggsveg/landbruksveg i kanten av tippene.



Som bilete og kart syner strekkjer dalføret seg mellom åsryggar på begge sider. Første delen er fulldyrka jord, medan litt lenger inne er det meir skog og myr/beite og jorddekt fastmark. Arealet er i drift i dag, og i nærområdet rundt tippet ligg det mykje jordbruksareal, både slåttemark og beite. Ein del av arealet på tippet står i gardskartet som anna areal, men delar av dette er tydeleg beitepåvirka. Det er litt skog på den sørlege delen av arealet, mest smågraner og spreidd furu/lauvskog. Dalen er naturleg skjerma for innsyn, og det er ingen bekkar anna enn myr sig. Det går ein landbruksveg inn i området, som og er tilkomst til jordbruksareala lenger inne. Det er planlagt ny anleggsveg/landbruksveg. Den nye fylkesvegen vil tangere området i sør-aust, og tilkomsten vil starta her. Det vil verta bygd anleggsveg langs heile nordsida av feltet, som vert knytt saman med eksisterande jordbruksveg i nordvest. Denne vil gje god tilkomst til dette arealet og omkringliggjande jordbruksareal.



Avrenning:

Feltet er naturleg ramma inn av høgareliggjande terreng på to sider. I sør vil veganlegget danna ein voll som gjer at alt av vatn vert tvinga nordover. I anleggsperioden vil det være tenleg å anlegga eit sedimenteringsbasseng i nordenden av feltet, før vatnet vert teke inn eksisterande drensanlegg. Denne kan fjernast når feltet er ferdigstilt til jordbruksformål.

Tilføring av massar/påfyllingshøgde

Med ei påfyllingshøgde på 2-4 meter vil det vera ein stad mellom 100 000 m³-150 000 som skal plasserast her.

Felt 2.

Felt 2 er på omlag 48 dekar og ligg i sin heilskap på gbnr 415/10. Arealet er innmarksbeite, jorddekt fastmark og omlag 20 dekar myr. Planlagt fyllingshøgde vert i gjennomsnitt om lag 1,5 meter, og totalvolumet vil være i størrelsesorden 75 000 kubikkmeter. Når feltet er ferdig skal det vera lettbrukt fulldyrka og overflatedyrka jord.


Innkjøring av masser skal skje på ny anleggsveg som er planlagt rundt heile feltet. Avkjørsel vil vera direkte frå det nye veganlegget. Feltet skal i tillegg delast i to langs midten. Vegen som deler feltet vil då samstundes kunna fungera som drenering. Anleggsvegane rundt og over feltet fungera samtidig som tippkant. Erfaringsmessig vil jordmassane siga ein god del dei første par åra, slik at ein sit att med ei terrengendring på mindre enn 1 meter.

Vatn og avskjering


Nordsiden av feltet danner øvre kant, og ligger omtrent på det høyeste punktet i terrenget. Det er heller ikke bekker eller vassig som renner inn på feltet fra sidene. Avskjæring blir dermed ikke nødvendig. Avrenning som følge av nedbør vil følge terrenget ned mot et myrområde i Viddalen mot sørvest. Myrområdet vil kunne fungere som et sedimenteringsbasseng for å fange opp partikkelavrenning, men det kan muligens være tjenlig å etablere en terskel på et egnet sted for å samle sedimenter på et mindre område.

Fakta om bruka og drifta deira.

Nordøstre del av Radøy er det mest husdyrtette området i heile Nordhordland. Innanfor ein radius på 3 kilometer frå dei omsøkte jordtippene er det 8 gardsbruk med mjølkeproduksjon, 5 med ammekuproduksjon og 7 med sauehald. Dette krev stor mengder grovfôr. Langt større enn det som i dag vert produsert innafor det same området. Det gjer at fleire av desse gardsbruka har leigejorder på andre kantar av tidlegare Radøy kommune og i Austrheim kommune. Grovfôret, ikkje minst vinterfôret, er minimumsfaktoren i drifta deira. På landbrukseigedomen gbnr 415/10 Nordanger, som heile tipp2 og delar av tipp 1 ligg på, er no i oppstartfase for bygging av ny stor fjøs for ammeku/storfekjøttproduksjon. Han haustar i dag ein relativt stor andel av vinterfôret til dyra sine i Austrheim kommune. Det vert no bygd 3 nye store moderne lausdriftsfjøsar for storfe innafor dette området. Kampen om jordbruksareala vil auka.



Oversiktsfoto nordøstleg del av Radøy. Markert for gardsbruk i aktiv drift med husdyrhald og dei to planlagte jordtippene. (blå punkt)



Oversiktsfoto GBNR 414 Soltveit og 415 Nordanger. Markert for gardsbruk i aktiv drift med husdyrhald og dei to omsøkte jordtippene

VURDERING:

Det er stort behov for utbetring av fylkesvegen på dette strekket, og Alver kommune har fokus på at overskotsmassar frå slike prosjekt skal verta brukt til nytte for samfunnet, særleg landbruket.

Søknaden er vurdert i høve til forskrift om nydyrking og forurensingsforskrifta kap 4, bakkeplaneringsforskrifta. Delar av arealet er dyrka mark som på grunn av naturleg jordsvinn har fått dårlegare kvalitet, og vorte vanskeleg å driva. Naturleg jordsvinn medfører at jorda vert kupert og ulendt og utløpet på grøftesystem vert liggjande for grunt til å drenera areala. Dette gjer maskinell hausting vanskeleg. Det er difor trong for å fylla på jord for å halda oppe kvaliteten på areala. Slik landbruksavdelinga vurderer søknaden er det naudsynt med handsaming etter både bakkeplaneringsforskrifta og nydyrkingsforskrifta.

Bakkeplaneringsforskrifta sitt verkeområde og formål er: *Denne forskriften gjelder anlegg av planeringsfelt samt drift og vedlikehold av nye og eksisterende planeringsfelt. Forskriften har til formål å forebygge, begrense eller stanse forurensning/erosjon fra planeringsfelt.* Noko av arealet på tippene er ikkje dyrka og vert difor omfatta av nydyrkingsforskrifta. Dette vil gjelda innmarksbeite som skal oppdyrkast til fulldyrka areal og andre udyrka areal. Formålet med denne forskriften er: *å sikre at nydyrking skjer på en måte som tar hensyn til natur- og kulturlandskap. Det skal legges vekt på hensynet til miljøverdier som biologisk mangfold, kulturminner og landskapsbildet. Det skal for øvrig legges vekt på å sikre driftsmessig gode løsninger.*

Landbruksavdelinga har valgt å vurdere søknaden samla etter begge lovverk. Vurdering av verknad av tiltaket og kva som er risikofaktorar er vesentleg. Sidan det er berre ein del som er nydyrking, vert ikkje tiltaket råka av kravet om konsekvensutgreiing for areal som er over 50 daa jf § 6 i nydyrkingsforskrifta.

Det er utarbeid plan for tiltaket av Trygve Torstensen i Norsk landbruksrådgiving. Ut frå den kunnskapen me har i dag, er planen og gjennomføring av arbeidet laga etter dei råd og retningslinjer som finst. Den ytre miljøplan som omfattar heile veganlegget har teke omsyn og sett krav til landskap, naturmangfold, miljøverdiar, kulturminne og landskapsbilde, og avbøtande tiltak i høve til fare for avrenning. Kommunen har i tillegg høve til å setja vilkår.

Fylkesmannen og søkjar påpeikar at tiltaket krev løyve frå forbud mot dyrking av myr. Dette er ikkje enno komen inn i nydyrkingsforskrifta. Kommunen deler ikkje denne oppfatninga då det ikkje er tale om å dyrka myra på eigedomane, men fylla på jordmassar inkludert myrmasse som kjem frå veganlegget. Dette vil bidra til å hermetisera den myrjorda som er på staden og redusera utslepp av klimagassar. Opparbeiding av veganlegg er ikkje råka av forbodet mot dyrking av myr.

Nytte av tiltaket og driftsmessig god løysing

Som tidlegare omtalt er grovfôret minimumsfaktoren i mjølk- og kjøttproduksjonen i Nordhordland. Det vert i dag ført inn store mengder med grovfôr til Nordhordland frå andre kantar av landet og frå utlandet. Det er eit kontinuerleg krav om effektivisering i landbruket. Produktpris går ned og volumet må opp for å oppretthalde lønnsmda. Til det trengs det meir grovfôr og det er såleis behov for meir areal til grovfôr dyrking i tillegg til å auke avlinga på det eksisterande jordbruksarealet. For å auke tal dekar slåttemark så må ein nydyrka. Den store dyrkingsreserven i Nordhordland er myrjorda. Det vert no innført forbod mot nydyrking av myrjord. Såleis er jordtippar der ein nydyrkjar utmark eller innmarksbeiter eit kjærkoment bidrag til å auka tal dekar slåttemark. Det same er jordtippar på areal som er i ferd med å gå ut av produksjon grunna jordsvinn og/eller dåleg drenering.

83 dekar slåttemark vil produsere grovfôr for produksjon av ca 85000 liter mjølk eller 8 tonn storfekjøtt. Det vil redusere transporten av grovfôr og bidra til eit meir robust, klimavenleg og forutsigbart husdyrhald for grunneigar på gbnr 415/10 og eventuelle naboar som vil nytte seg av eige oppdragert / nydyrka jordbruksareal.

Landskapsbilete/kulturminne:

Søknaden har vore sendt på høyring til fylkeskommunen og lokalt kulturkontor, men det er ikkje komen svar innan høyringsfristen. Kulturminne i området er tema i ytre miljøplan. Kommunen har sjekka tilgjengeleg kartbasar, og ser ikkje registrert at det er kulturminne eller kulturlandskapsverdiar som vert råka av tiltaket. Arealet rundt er eksisterande jordbrukslandskap, og når anlegget er ferdig vil det gli fint inn i dette landskapet.

Tipp 1 ligg i eit langt smalt daldrag mellom to åsryggar, og påfylling av jord vil ikkje gje stor endring av landskapet. Dalen er naturleg skjult for innsyn og påfyllingshøgda er låg. Tipp 2 ligg på baksida av eit høgdedrag og vil ikkje vera synleg verken frå bygda eller vegen. Det er ganske ujamn overflate på det eksisterande beite og påfylling vil ikkje gje stor endring av landskapsbilete.

Avrenning/ureining/utgliding

Erfaringsmessig er det partikkelavrenning i form av humus som er den største utfordringa frå jordtippar. Det skal berre kjørast til reine jord og steinmassar frå veganlegget så det skulle ikkje vera særleg risiko for anna avrenning, og det er skal etablerast mottakskontroll slik at ein har kontroll med kva masse som vert kjørt inn på tippen.

Det har i samband med veganlegget vorte tatt vassprøvar over tid av gassførekomstar som vert råka, og dette vil halda fram både under og etter anleggsperioden. Vasskvaliteten skal ikkje verta dårlegare enn før arbeidet tok til, og soleis er det i tråd med vassdirektivet sine føringar.

Erfaring frå andre prosjekt er at avgravingsmassar frå relativt urørt natur har låge fosfortal og sjølv om sprengstein kan innehalda nitrogenrestar er dette små mengde samanlikna med kva vanleg gjødselpraksis på eng. Dette punktet er godt ivareteke i Ytre miljøplan.

Fare for utgliding

Det skal byggjast ein voll som hindrar utgliding og gjer at avrenning vil koma mot nord. Partikkelavrenning vil verta fanga opp av sedimenteringsbasseng plassert i den nordre delen. Denne delen av området er ganske flatt så det skulle kunna gje god effekt. Ned mot storindvatnet er det naturleg myr, den vil kunna fungera som ein sil og dermed redusera fare for avrenning.

Drenering

Når ein arbeider med jordtipp er det viktig å avskjera alt vatnet som kjem frå arealet rundt. Dette er i varetake i planen. Det er fornuftig at arealet vert profilert slik at det meste av vatnet kan renna av på overflata. Arealet skal leverast grovplanert av entreprenør, og det er først når massane er sett seg att ein kan utføra resten av dreneringa. Særleg myrmasse som skal nyttast til jordbruk må få tørka og omdannast før ein kan gjera ferdig topplaget på tippet, og vert dette gjort for tidleg gjer ein meir skade enn godt på jorda. Planen syner at hovudlinene i eit framtidig drensssystem vil vera overflateavrenning og rørgrøfter.

Naturmangfald:

Ytre miljøplan gjer greie for kva artar som finns, viktige naturtypar og avbøtande tiltak. Etter landbruksavdelinga sitt syn er kunnskapsgrunnlaget etter i naturmangfaldlova tilstrekkeleg utgreidd i ytre miljøplan. Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i naturen skal utførast mest mogleg varsamt. Ut frå ei samla vurdering meiner kommunen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

Framande artar

Flytting av jord kan innebera spreiding av framande artar, men erfaring frå andre jordtipp i området er at jordbruksdrifta med gjødsling, sprøyting ect i stor grad er ein effektiv måte og hindra vidare oppformering. Massane skal flyttast kort veg, og det er ikkje kjent at det er problem med framande artar her. Entreprenør bør vera merksam på denne utfordringa når anleggsarbeidet startar opp.

Transport:

Det er ein stor føremøn at det meste av transporten av massar kan skje utanom offentleg veg, og det er ein stor miljøgevinst at avstand mellom anlegget og tippet er så kort. Dette gjev reduserte utslipp av klimagassar frå transport. Tippet bør såast kvart år slik at den er grøn før vinteren, då dette reduserer utslipp av klimagassar frå sjølve tippet og bidreg til at livet i jorda kjem i gang.

Anleggsvegen skal nyttast til landbruksveg når anleggsperioden er over. Transporten vil skje utanom offentleg veg, og anleggsvegane i direkte tilknytning til tippet inngår i godkjenninga. Landbruksvegen vert handsama i eiga sak og då det avklarast om det er trong for avkjøringsløyve eller om det er berre oppgradering av eksisterande landbruksveg.

Som ei følgje av klimaendringane er kommunen oppteken av å motivera bønder til å byggja fleire vegar på og langs jordbruksarealet. Slike driftsvegar reduserer jordpakking ved å flytte transport av gjødsel og fôr frå jord til veg. Dette er ekstra viktig på jord som tørkar sakte opp etter nedbør, slik som jord med høgt innhald av organisk materiale. Redusert jordpakking er positivt for rotutvikling, utnytting av næringsstoff og avling. Det reduserer avrenning og utslipp av klimagassen lystgass.

Støy/støv:

Anleggsarbeid medfører både støy og støv, men begge tippene ligg i god avstand til bebyggelse og ein vurderer difor at dette er eit mindre problem. Grusveggar kan støva mykje i tørre periodar og det er ein fordel om dei kan vatnast eller saltast visst dette vert eit problem.

Konklusjon

Det er utarbeidd plan av Trygve Torsteinsen som ivaretek dei omsyn og interesser som er viktig i slike saker. Ytre miljøplan ivaretek omsyn til natur, landskapsbilde, kulturminne, støy, avrenning med fleire i tråd med omsyna i naturmangfaldlova og formålet til nydyrkingsforskrifta og bakkeplaneringsforskrifta. Dei ferdige jordtippene vil ha stor nytte for lokale bønder og gje ei driftsmessig god løysing.

Kommunen har høve til å setja vilkår for å sikra at gjennomføring og ferdigstilling av arbeidet vert gjennomført i tråd med gjeldande lovverk. Etter ei samla vurdering vert det gjeve løyve til tiltaket.

Regelverk

- Forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt
- Forskrift om nydyrking

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

KOPPI